



To som snekrar spikertelt på Rabben denne sommaren: Oddbjørn Aga frå Aga og Torleif Jensen frå Nå. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rabben Feriesenter kan melda om det Steinar Myklebust kallar normaltrafikk for årstida. Rabben-veteranen Siggie Klemm har nylig reist att etter eit opphald saman med 12 turistar og han kjem som han plar gjera att med ei ny gruppe i august. Kor stor den blir er det for tidleg å seia noko om.

- Kva med nordmennene?

- Det er sjølvsagt alt for tidleg å seia noko bestemt om kor vi endar denne sommaren, anten vi opererer med nordmenn eller tyskarar. Nordmennene kjem og drar att etter ein eller to netter medan tyskarane blir her lenger. Men til veka blir det atskillig livlegare både med omsyn til nordmenn og tyskarar. Tyskarane er som vanleg svært ivrigare fiskarar og har så langt gjort gode fangstar. Det er vel å merka i fjorden - dei fiskar ikkje i elva, der fisket i år starta først 1. juli.

- Innslaget av bubilar er stort i år, hevdar nokon...

- Det er betydeleg, men eg veit ikkje om det er større enn før. Det vil sikkert auka på utover i ferien, seier Steinar.

Noko som set sitt sterke preg både på Rabben og Øyro denne sommaren er all snekinga. Ei rask opptelling gjev som resultat at så mange som 8 spikertelt-prosjekt akkurat no er i ferd med å bli realisert. Og det betyr sjølvsagt at mange blir enda sterkare knytt til Rabben og Øyro.

Av Ola Matti Mathisen